



Landbruksavdelinga
her

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/515 - 19/10168

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.03.2019

Oversender søknad om frådelling av ny grunneigedom med eksisterande bustad til uttale - gbnr 64/1 Myksvoll øvre



Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 64/1
Tiltakshavar:

Saka gjeld søknad om frådelling av bustad nr. 2, med adresse Titlandsvegen 32, på gbnr 64/1 Myksvoll øvre. Bustaden som er søkt frådelt vart godkjend oppført i 1975. Tiltakshavar bur i bustaden i dag. Det er opplyst i søknaden at parsellen skal delast frå til dagens eigar. Det er ikkje drift på garden i dag.

Det er i søknaden vist til to ulike alternative parsellar.

Parsell 1 omfattar bustad nr. 2, driftsbygning og garasje og har eit areal oppgitt til 2 849 m².

Parsell 2 omfattar bustad nr. 2 og garasje og har eit areal oppgitt til 1 572 m².



Gbnr 64/1 er eit gardsbruk på ca 183 dekar, jf. Nibio sitt gardskart. Det er ikkje drift på garden i dag. Det er opplyst i søknaden at eksisterande driftsbygning ikkje er hensiktsmessig og i dårleg stand slik at oppgradering til gjeldande krav ikkje er kostnadmessig forsvarleg. Ved ny drift på gardsbruket er det planen å føra opp ny driftsbygning på vestsida av kommunevegen og bak bustad nr. 1.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk (H510_oL34).

Utsnitt frå KPA



Ortofoto 2015



VURDERING

Søknaden om frådelling er ikkje i samsvar med gjeldande plan og krev at det vert gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen.

Veglova

Bustaden har i dag avkøyringsløyve frå kommunal veg.

Jordlova

Frådelinga vil krevja handsaming etter jordlova. Søknaden vert oversend landbruksavdelinga for handsaming etter særlov når høringsfristen er ute.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 64/1 Myksvoll øvre

Situasjonskart

Søknad om dispensasjon

Gbnr 64-1 kommuneplan

Gbnr 64-1 grunnkart

Gbnr 64-1 Ortofoto 2015

Gbnr 64-1 Gardskart

Kopi til:

Hilmar Andersen

Titlandsvegen 32 5912

SEIM

Mottakarer:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900 5020

BERGEN

Landbruksavdelinga

her

Planavdelinga

her

Vegavdelinga

her